



Til enkelte kommunar i Hordaland

## Purring arbeidsfrist – SMIL-tilskot og tilskot til drenering av jordbruksjord

Vedlagt er oversikt over utgåtte arbeidsfristar for SMIL-tilskot og tilskot til drenering av jordbruksjord i kommunen

**Vi minner om at kommunen fortløpande skal trekke inn tilskot der gjennomføringsfristen har gått ut.** Ved inntrekking no har kommunen høve til å omdisponere midla sjølv. Midlar i ansvar med utgått arbeidsfrist utgjer store summar totalt i fylket; ca. kr 600.000 for dreneringstilskot og ca. kr 1,6 mill for SMIL-tilskot. For dreneringstilskot har vi i 2018 fått to tilleggsløyvingar frå Landbruksdirektoratet, men kan vanskeleg spørje om ny auka ramme før vi har fått rydda opp i utgåtte arbeidsfristar.

Vi vil gjere særskild merksame på tiltak der maksimal arbeidsfrist har gått ut, då dette vil vere midlar som er direkte tilgjengeleg for omdisponering. Kommunen skal trekke inn med det same. Maksimal arbeidsfrist er 3 år for dreneringstilskot og 5 år for SMIL-tilskot.

Løyvd dreneringstilskot fell bort for alle tiltak som ikkje er gjennomført innan fristen, og der søkjaren ikkje har spurt om utbetaling innan éin månad etter fastsett frist (jf rundskriv, til § 5 og § 12). Fristen kan ikkje bli forlenga, og det er ikkje mogleg å søkje om dispensasjon.

**Hugs frist 31. oktober for å vere ferdig med sakshandsaming, inkludert kopi til Fylkesmannen.** Midlar som ikkje har blitt brukt innan denne fristen kan Fylkesmannen trekke tilbake utan varsel, til bruk i kommunar med konkrete behov. Midlar i ansvar og med utgått arbeidsfrist kan bli rekna med blant unytta midlar i kommunen, og som dermed kan bli trekt inn av Fylkesmannen.

**Hugs dokumentasjon før utbetaling av dreneringstilskot,** inkludert at kommunen må få inn detaljert kart som visert faktisk plassering av grøfter og andre dreneringstiltak. (jf. rundskriv, til § 5 og § 12)

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Vedlegg; Liste over utgåtte arbeidsfristar